

# KULTURPOSTEN

## DESEMBER 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen  
i Radøy kommune



Frå Radøy damekor sin julekonsert - ein av fleire flotte julekonsertar i Radøy-kyrkjene.



**RADØY**  
den grønne øya

# KULTURPOSTEN DESEMBER 2018

## Aktivitets- og kulturprogrammet i Alver kommune

Me minnar om fristen for å melda inn arrangement til aktivitets- og kulturprogrammet for Alver kommune januar 2019-januar 2020 som er 10. januar.

Kulturarrangementa og –aktivitetane som skal vera ein del av aktivitets- og kulturprogrammet må oppfylle minst eitt av følgjande kriterium:

- Vera eit samarbeid mellom aktørar i dei tre kommunane
- Vera ei arrangementsrekke med arrangement i dei tre kommunane
- Vera eit arrangement med storleik eller tematikk som gjer at heile Alver er nedslagsfelt

Les meir på: <https://alverkommune.no/2018/10/13/aktivitets-og-kulturprogrammet-for-alver-kommune-januar-2019-januar-2020/>



## LEIGEPRISAR I RADØYHALLEN

Frå 1. januar 2019 er det gratis å leiga idrettshallen og bassenga i Radøyhallen for aktivitetar for born og unge (0-19 år) i regi av idrettslag tilknytt Radøy idrettsråd. Gratis leige gjeld faste treningar, og i tillegg arrangement som er ein del av regionen, kretsen eller idrettsforbundet sine terminfesta stevner, seriespel og turneringar. Turneringar, stemner og einskildarrangement som kjem utanom dei terminfesta aktivitetane, vert fakturert etter gjeldande satsar.

Oppdaterte leigesatsar vert lagt ut på <https://www.radoy.kommune.no/innhald/natur-kultur-og-fritid/idrett/radoyhallen/>

# KULTURPOSTEN DESEMBER 2018

## REVIDERTE RETNINGSLINER FOR KULTURMIDLAR

Kommunestyret vedtok i møte 13. desember 2018 ei revidering av retningslinene for kulturmidlar i Radøy kommune. Den viktigaste endringa er at det er innført to søknadsfristar for aktivitets- og prosjekttilskot. Søknadsfristane er 1. mars og 1. september.

Det er også gjort ei presisering for tilskot for leiaropplæring, og nokre endringar under punkt 6 sakshandsaming.

Dei reviderte retningslinene er lagt ut på kommunen sine nettsider på:

<https://www.radoy.kommune.no/innhald/natur-kultur-og-fritid/prisar-idrett-og-stipend/>

## Aktuelle tilskotsordningar

**BKK sosial energi** ynskjer å støtta tiltak som skapar energi i BKK sine eigar- og vertskommunar. Det skal vera tiltak som fører folk saman i deltaking eller som publikum. Søknadsfrist er 14. januar. Les meir på <https://www.bkk.no/sosialeenergi>.

Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning **Friluftlivets ferdselsårer** skal bidra til å gjera den enklaste forma for friluftsliv, vandring i naturområde, lettare tilgjengeleg for alle. Søknadsfrist er 15. februar. Les meir på <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/friluftslivets-ferdselsarer/>.

Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning til **lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom** skal bidra til å gjera dei aktive vala enkle for born og ungdom i lokalmiljøa. Søknadsfrist er 15. februar. Les meir på: <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-til-lavterskel-fysisk-aktivitet-for-born-og-ungdom/>

Miljødirektoratet si **tilskotsordning til friluftaktivitet** skal medverka til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Søknadsfrist er 1. februar. Les meir på: <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-friluftaktivitet-kap.-1420-post-78/>

**Me takkar for samarbeidet i året som har gått  
og ynskjer alle ei fortsatt god jul og eit godt nyttår!**



**RADØY KOMMUNE**  
Kultur- og sørvistorget